


Årsmelding for Ålhus sokneråd 2025



Ålhus sokneråd oktober 2023 - oktober 2027

Medlemer:

Annette Svidal Slåtten
Solveig Magnhild Steenslid Lesto
Ingeborg Bråttvik Slåtten
Bernt Kjøsnes
Inger Johanne Klakegg
Ingvill Marie Støfringstøl

Varamedlemer

Magne Kristian Kvinge
Børge Gjesdal
Eva Solveig Sunde
Alice Nesje

Knut Magne Nesse, prost i Sunnfjord prosti
fung.sokneprest Geir Sørebo

Leiar: permisjon frå nov.25-aug.2026
Nestleiar: fung.leiar frå nov.25- aug.2026

Annette Svidal Slåtten
Solveig Magnhild S. Lesto

Medlemmar til Sunnfjord kyrkjelege fellestråd:

Ålhus sokn :Bernt Kjøsnes
vara: Inger Johanne Klakegg
Helgheim sokn: Steinar
Dvergsdal
vara: Hildegunn Huus

Vassenden kyrkjesenter:

Magne Kristian Kvinge
Vara: Børge Gjesdal
Sverre Gjesdal

Rådet sitt arbeid

Ålhus sokneråd har handsama 27.saker
Vi har handsama 31.bokførde saker med Helgheim sokneråd.

- Utlysing av prestestilling
- Klokkarteneste i Ålhus sokn
- Samarbeid med Vassenden kyrkjesenter
- Arbeid og aktivitet i VaBa-klubben.

Faste saker kvart år: Årsmelding, rekneskap, budsjett, møte- og gudstenesteplanar, offertildeling, fasteaksjon, kyrkjelydstur, konfirmantfest, 50- årskonfirmantjubileum, juletreff, søknadar om støtte, løyvingar m.m. Årsmøte i 2025 for arbeidsåret 2024 var i Vassenden kyrkjesenter. Eksemplar vart lagt ut i begge kyrkjene og i tillegg digitalt.

Felles saker for begge sokneråda i Jølster
-Minnelund/minnelundar, sette i gong arbeid.

- Prestesituasjonen
- Gudstenesteplan.
- Konfirmantfest
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring.

Arbeid i soknet Gudstenester og tidebøner

Det har vore ca ei gudsteneste i månaden på Vassenden kyrkjesenter og ei gudsteneste i månaden i Ålhus kyrkje.

Vi har mange ulike typar gudstenester, både i kyrkjene, grendahus og ute.

Det gler oss å sjå at gjennomsnittsfammøte stig jamt. Fint at mange deltek i alle kyrkjene uansett sokn.

Like gledeleg er det at offer også stig. Vi ser at på landsbasis går offera ned, men i Ålhus sokn går det oppover.

Julaftangudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste vart halde med 280 fammøtte på julaftan og 609 fammøtte på konfirmasjonsgudstenester i Ålhus kyrkje og Vassenden kyrkjesenter.

Soknerådsmedlemmer stiller som kyrkjevert på gudstenestene. Dei har pynta alteret med blomar.

Utdeling av salmebøker og program til dei vaksne og teiknesaker til borna.

Konfirmantane deltek også med dette.

Etter dei aller fleste gudstenestene både i Ålhus og på Vassenden kyrkjesenter har det vore kyrjekaffi.

Konfirmantar, konfirmantforeldre og soknerådsmedlemmer har stått for kakebaking og servering.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. Klokkartenesta har vore godt utført av frivillige og soknerådsmedlemmer. Takk til dykk alle !

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing. Jølster har gode musikk- og songkrefter, og dei har vore nytta både i gudstenestene og i eigne arrangement (sjå kyrkjemusikalsk arbeid).

Konfirmantane er medhjelparar ved gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dei deltek blant anna i evangeleieprosesjon, ved forbøna, nattverdsutdeling og hjelper kyrkjevertane

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring)
- I fastetida var det bibeltimar og kvardagsgudstenester i ulike kyrkjer i Sunnfjord som eit samarbeid mellom kyrkjelydane i kommunen. Tid for tru i fastetida, var dette året i Helgheim kyrkje 13.mars. Det er ei tid for alt som hender under himmelen. »ved Frode Skeide og kveldsmesse ved Geir Sørebo
- Påsegudstenestene Skjærtorsdag og Langfredag var ved Geir Sørebo. Songkveld 2. påskedag, vart også dette året gjort til ei påsksamling for store og små, med deltaking frå VaBa-klubb/barnegospel og med påskeeggjakt (spona med egg frå Spar Jølstraholmen). Borna fekk måle påskeegg.



- Vi hadde 17. mai gudsteneste både i Ålhus kyrkje og Vassenden kyrkjesenter.
- Samtalegudstenesta for konfirmantane i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter.
Etter gudstenesta lagar sokneråda til fest for konfirmantane.
- Utegudsteneste i Sandalen i juni
- Olsokgudsteneste i Movika i samarbeid med Førde.

- «Song mot haust» gudsteneste i Helgheim kyrkje i august der bebuarar på omsorgsentra og omsorgsbustadar var invitert. Langbord og mat og prat etter gudstenesta. Dette året hadde vi gudstenesta kl.11, det var eit betre klokkeslett for dei inviterte

- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon i Ålhus kyrkje og jubileum for 50 års konfirmantar.

- Gudsteneste i høve Jazz på Jølst var på Vassenden kyrkjesenter (samarbeid mellom Ålhus og Helgheim sokn)
Vi hadde gode musikalske krefter på besøk, Erlend Os og Bjarne Bergheim

- Minnegudsteneste på Helgemessesundag med invitasjon til pårørande til dei som har vore gravlagd sidan sist helgemesse. Felles minnegudsteneste for heile Jølster. Dette året var den lagt til Ålhus kyrkje.
Annan kvart år i Helgheim og Ålhus kyrkje

- Gudsteneste før jul for Vassenden skule på Vassenden kyrkjesenter, heile skulen kom til gudstenesta, det var gode innslag frå skuleelevane. Ei kjekk skulegudsteneste.

Elles kan det nemnast at det har vore open kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag (utanom sommarferien og når det har vore gravferd). Tidebøna har vore kl. 11, med ein kort liturgi (gjerne bønner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk.
Vi har også hatt kaffi/te med noko attåt i etterkant av tidebøna, med fast innslag av diktlesing frå Anne Helene Eide. I snitt er det ca.15 frammøtte på tidebøn.

Medarbeidarfest

21.oktober arrangerte sokneråda i Ålhus og Helgheim sokn medarbeidarfest for tilsette og dugnadsfolk i sokna på Vassenden kyrkjesenter, Inger Johanne Klakegg leia festen og ønskte velkomen. Geir Sørebo hadde ei helsing til opning, og som eit anna bidrag frå dei tilsette, framførte Silje Sørebo og Gerd Sunde ein eigenprodusert song.
Inger Johanne Klakegg snakka litt om kvar ordet dugnad eigentleg kjem frå, kva det inneber, og ikkje minst kor viktig det er at vi er med på å drive dugnad. Knut Skurtveit las dikt av Olav H. Hauge. Geir Heggheim med humoristiske tilbakeblikk. Kjellaug Bromseth hadde laga til lek/konkurransse.
Aksel Roko Eide gledde oss med fin song.

Dugnadsfolket blei sett pris på og fekk takk for innsatsen gjennom dei to siste åra. Godt oppmøte med vel 70 personar og vellykka kveld, godt program, god stemning, og god mat.



Jubileumssong -Nynorsk salmebok

1.november feira vi nynorsk salmebok 100 år
Oddny Miljeteig vitja oss på Jubileumssongen
Ho er medlem av bispedømmerådet i Bjørgvin for Open Folkekyrkje.
Oddny er eit fyrverkeri av ein talar og generelt ein friskus. Rundt 50 songglade personar var samla på kyrkjesenteret for å synge nynorske salmar



Kyrkjemusikalsk arbeid - årsmelding for Ålhus sokn 2025

Jølster Barnegospel er del av kyrkjelivet med sin song. Dei øver annan kvar onsdag - vekselvis på Skei skule og Vassenden kyrkjesenter.

Søndag den 30. mars deltok dei med frisk song på misjonshusbasaren på Skei.

Andre påskedag var Barnegospel saman med barn frå VaBa-klubben med i den årlege påskesamlinga på Vassenden kyrkjesenter.

Vårkonserten var i år 27.mai, og der koret song ulikt repertoar og hadde med mange solistar.

På hausten deltok Jølster Barnegospel på konsert i Førdehuset i lag med barnekor frå Førde og Naustdal, der dei fekk synge med den kjende Lisa Børud.

I starten av desember hadde koret sin årlege førjulskonsert i samband med anna arrangement på misjonshuset på Skei.

Leiarane i koret opplever stor songglede blant borna.

Medlemstalet ligg på 15-16 born – fordelt på dei to sokna, og er for aldersgruppa 3.-7. klasse. Øvingane er på Skei skule og i Vassenden kyrkjesenter, og vert leia av Gerd Sunde og Rune Molvik.

Til konfirmasjonane – var det songinnslag ved Cathrin Hjelle Søvde, frå Førde, i tillegg var Anne Turid Taklo med å sette høgtid med kornett til salmane.

Vi må ikkje gløyme konfirmantane som etter kvart har fått « å synge i kor» som del av opplegget for konfirmantåret.

Dei øver først til Lysmessa og på samtalegudstenesta før konfirmasjonen.

På sjølve konfirmasjonsdagen stiller dei også opp å pregar den store dagen med ungdommeleg korsong. Verdifullt.

I høve «Jazz på Jølst» i oktober, var gudsteneste i Vassenden. Her vart jazzpreget uttrykt gjennom spirituals og gospelsongar. Bjarne Bergheim, frå Breim/Førde var med som solist saman med Erlend Os som var organist.

Laurdagen den 1. november vart det i Vassenden kyrkjesenter markert at det i 2025 er 100-års jubileum for Nynorsk salmebok. Her deltok Hege Alme og Anne Turid Taklo i lag med organisten. Ti- tolv salmar frå ulike kyrkjeårstider og med dei mest kjende salmetekstane frå pionerane av nynorske salmar, som; Anders Hovden, Elias Blix, Støylen og Skard. Dei mange frammøtte fekk her gjenoppdage den store nynorske salmeskatten vi har. Nyare nynorske salmar vi song var av Edvard Hoem og Jan Ove Ulstein.

I desember var det også dette året fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar.

Jølster Musikklag hadde sin konsert i Vassenden kyrkjesenter.

I Helgheim der den tradisjonelle julekonserten i mange år har vore rundt 3.helga i advent, vart dette året ikkje noko av. Stardalen Mannskor og SkeiVasskoret er for tida ikkje i aktivitet, så vi får håpe på betre tider.

Julaftan i Helgheim og Vassenden hadde vi ungdommelege songinnslag av Hemen Aman-Beyene og Aksel Roko Eide.

I høgtidsgudstenesta juledag i Ålhus var dei nynorske julesalmane einerådande denne gongen.

Og Anne Turid Taklo på kornett var med å skape høgtid i samspel med organisten til salmane og til pre- og postludium.

Gudstenesta i høve jazz på Jølst



Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- Kirkens nødhjelps fasteaksjon i april vart gjennomført som dør til dør aksjon.
- Andakter/Songstunder på Vassenden omsorgssenter med kaffi og prat. Kvar fyrste og tredje tysdag i månaden med prest og kantor
- 4.klassingane på Vassenden fekk besøk av kyrkjelydspedagog frå Førde som underviste i «bibelsporet», bibelforteljingar frå GT og NT.
- Før påske var det tilbod om påskevandringar i kyrkja til Vassenden: Mange av klassene på barneskulen nytta seg av dette.
- Frå påske til pinse var det ei påskevandring utstilt ved Ålhus kyrkje med bibeltekster og kunstbilete.
- Kyrkjebesøk for 1. klasse på Vassenden skule i juni med fokus på kyrkjerommet og kva det brukast til.
- Sokneråda i Jølster arrangerte kyrkjelydstur til Ørsta
Vitjing av oppvekstmiljøet til salmediktaren og presten Anders Hovden, og til Ivar Åsentunet.
Takk til Steinar Dvergsdal som hadde initiativet og Astrid og Vidar Feldt som var turleiarar.
- Julevandring for Ålhus-, Langhaugane- og Vassenden barnehage før jul. Silje var på besøk i barnehagane i forkant av vandringa.
- Juletreffest på Vassenden kyrkjesenter med 146 personar og 51 born
Festen var som i fjor gratis. Soknerådet arrangerte ilag med bibelgruppa og kyrkjesenteret.
Anne Margrethe Skjold Olsen heldt tale, nokre born frå VABa klubben song, og Isak spelte piano
Eit flott arrangement med god deltaking og mange frivillige i sving. Takk til alle.
- Ålhus har misjonsprosjekt gjennom Stefanusalliansen i Egypt (Stefanusbarna og Anafora). Her støttar vi blant anna barnehagar og skuler i slummen i Egypt og utdanning og kurs for ungdom.

- Ålhus sokn er Grøn kyrkjelyd. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket, noko som i vår kyrkjelyd m.a. kjem til uttrykk ved at:
Vi markerer Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemnd over skaparverket.
Vi sorterer avfall.
Vi brukar mindre mengde papir ved gjenbruk av programhefte/ powerpoint
Vi deltek i fasteaksjonen til KN.
Vi har eit grønt misjonsprosjekt.
Vi går på pilgrimsvandring med konfirmantar og har engasjement for skaparverket som eit tema på Lys Vaken.

Arrangement i regi av andre

Jølster Musikklag hadde julekonsert.

Trusopplæring / Barne-og Ungdomsarbeid

Kontinuerleg arbeid

Gerd Sunde Førde leiar barnegospel som er eit tilbod for 3. – 7 klasse. Rune Molvik akkompagnerer på piano. Dei har øvingar annakvar onsdag etter skuletid på kyrkjesenteret.

Soknerådet vil takke Gerd og Rune for flott innsats.

Barnegospel på Vassenden har hatt 15 øvingar i løpet av året. I tillegg har vi hatt to fellesøvingar med Skei barnegospel. I mars song heile koret på basar på Skei misjonshus, og i april song koret på påskesamling på Vassenden kyrkjesenter.

I mai heldt heile koret vårkonsert.

Samla medlemmer frå Skei og Vassenden per desember 2025 var 15 born.

Annakvar veke har vi hatt VaBa-klubb (Vassenden barneklubb) på Vassenden kyrkjesenter med forteljing, song og hobbyaktivitet. Renate Kvammen, Mari Håland, Silje Sørebo, Erlend Os har gjennomført dette ilag. Det har vore i mellom 15 og 20 barn på samlingane. Ca.35 har vore innom. Mange er 1.klassingar, men også ein del barnehageborn i fylgje med voksne og nokre eldre på samlingane. Konfirmantmedhjelparar har vore til god hjelp.



Vevkunst av konfirmantane

Med inspirasjon både frå lokal vevkunst og kyrkjekunst i Egypt hadde dei fargelagt kvar sin liten kross som var sett saman til ein stor kross. Mønsteret kan minne om gamle mønster i vevde åkle frå Jølster eller iotakrossene som er ei gammal kunstform i den koptiske kyrkja i Egypt. Å måle ein iotakross kan vere ei form for bøn og meditasjon, der kvar farge i krossen representerer viktige sider ved det å vere menneske og den kristne tru

Tidsavgrensa tiltak

Takka vere eit aktivt trusopplæringsutval har vi dette året fått gjennomført alt av planlagde tiltak i trusopplæringsplanen. Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod dette året.

Vi manglar tilbod til 12- og 13-åringane

Prest har gjennomført dåpssamtalar med alle dåpsforeldre. Alle døypte får dåpslys og dåpsplakat. Dåpsforeldre får ei fin dåpsminnebok som gåve frå kyrkjelyden. I kyrkja står det eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna, og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Det var invitert til babysong på Vassenden kyrkjesenter både på våren og hausten. Oppmøte har vore varierende, men det er alltid nokon som kjem (ca. 6 i snitt) Erlend Os har spelt til mange av samlingane. Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat ved babysong heile året.

Ein stor takk til ho som har gjort dette i fleire år.

I starten av november inviterte vi alle 2- og 3 åringar i Jølster til 2- og 3 års-samling med dueslepp i Helgheim kyrkje med drama om Berta og Bestemor og kveldssongar og bøner. Borna som endå ikkje hadde fått tilbake dua si, fekk hente denne no og alle fekk kvar sin spelleengel med kveldsbøner på. Etter samlinga lunsj og lek. Ei hyggeleg samling.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus var det laurdagssamling på Vassenden kyrkjesenter og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest på speidarplassen på Skei. Dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbøner. Etter gudstenesta var det utlodning til inntekt for speidaren og høve til å grille og gå natursti.

Gudstenestene med bokutdeling til 6-åringane hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus sokn hadde 6-åringane ei samling i forkant på Vassenden kyrkjesenter etter skuletid. Søndagen etter (1. søndag i advent) var det familiegudsteneste med bokutdeling i Ålhus kyrkje.

6- og 7-åringane fekk innbyding til juletreffest på Vassenden kyrkjesenter. Kjekt at så mange kom.

Påskesamlingar for 8-åringar: Barna kom til samling etter skuletid på Vassenden kyrkjesenter og deretter palmesøndagsgudsteneste i Helgheim kyrkje med utdeling av Barnesalmeboka.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag.

Kode B: 10-åringane vart invitert til to kvardagssamlingar på Vassenden kyrkjesenter, og utdeling av «Actionbibelen» i familiegudsteneste i Ålhus kyrkje. Greitt oppmøte på samlingane, men få som møtte på sjølve gudstenesta.

Lys Vaken: 10- og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken leir (frå laurdag kl.16 – til etter gudsteneste søndag) på Vassenden kyrkjesenter midt i november i samarbeid med speidargruppa. Ca 20 deltakarar. Speidarleiarar og trusopplæringsutval bidrog som leiarar i lag med russegruppe. Foreldre stilte opp som kjøkkenhjelp og nattevakter. Barna bidrog i gudstenesta og hadde utlodning med gjenbruksgevinstar på kyrkjekaffien etter gudstenesta. Inntektene gjekk til kyrkjelydens misjonsprosjekt i Egypt

Soknepresten har hovudansvar for konfirmantane. Etter at Silje slutta som sokneprest i september, har bispedømmet hyra henne inn for å halde fram med konfirmantane i fråvær av fast sokneprest.

For konfirmantkullet som skulle konfirmerast i 2025 var det på våren klubbkveldar, konfirmantleir på Alværa i lag med konfirmantar frå Naustdal.

Fasteaksjon, samtalegudsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonar i begge kyrkjene. Dette kullet har også hatt eit tilbod etter konfirmanttida med konfirmantreuinon i juni i prestegardshagen på Ålhus i lag med Naustdal. Stort frammøte på dette. Vi prøvde å invitere til nyttårsleir for dette kullet på Alværa ilag med Naustdal og Førde. Det var i utgangspunktet mange påmeldte. Dessverre måtte vi likevel avlyste fordi mange av ungdommane meldte seg av like før.

I august (som i dei tre tidlegare åra), veka før skulestart, vart det arrangert introkurs for nye konfirmantar. På dette kurset hadde Silje med seg ungdomsprest i Sunnfjord, Fredrik Brattvik noko av tida og sommarvikar frå Danmark noko av tida .

Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var to dagar Vassenden kyrkjesenter, ein dag i Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilegrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje.

I løpet av hausten var konfirmantane inviterte til tre klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter. Ungdommar frå ei russegruppe har vore med som leiar i lag med Silje og foreldre har bidrege på kjøkkenet.

Fjordårskonfirmantar har også vore innom.

Det har vore leigd sal i hallen på Vassenden, slik at konfirmantane har vore der på starten nokre av kveldane. Så har dei etterpå gått til kyrkjesenteret for måltid, før ein har avslutta med samling i kyrkjerommet.

I tillegg til klubbkveldane var konfirmantane i oktober på konfirmantfestival på Sande. Denne festivalen er i regi av prostiet/KFUK-KFUM og er ny av året.. Her møtte dei eit ungdomsteam frå bispedømmet («samantemet») og farmen presten Thor Haavik, og dei kunne delta i mange ulike aktivitetar og var med på globallop.

Alle konfirmantane var også samla til lysmesse 1. søndag i advent i lag. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og ved barneklubb på Vassenden kyrkesenter og på Skei misjonshus. No denne våren 2026 ventar m.a. fasteaksjon, klubbkveld i Naustdal og konfirmantleir på Alværa i lag med Naustdalkonfirmantane.

Samarbeid med barnehager og skule - Ålhus

Sidan kommuneøkonomien er stram, var det i år vanskeleg for barnehagane å komme til kyrkje før jul. Istaden vart det invitert til juleteater i Langhogane barnehage. Kyrkjelydspedagog hadde med seg elever frå Sunnfjord folkehøgskule som spelte teater med utgangspunkt i juleevangeliet for barn frå Ålhus, Vassenden og Langhogane barnehage.

Vassenden skule hadde som vanleg skulegudsteneste før jul.

4 klasse fekk besøk av kyrkjelydspedagog som gjennomførte bibelsporet gjennom 4 skuletimer. Bibelsporet er eit opplegg frå Bibelskelskapet som skal lære barna forteljingar frå Det gamle og Det nye testamentet.

Både 1 klasse og 8 klasse ved Vassenden skule har vore på kyrkjebesøk og møtt kyrkjelydspedagog som har fortalt dei om kyrkje og kyrkjerom.

Vi har stort sett ganske god oppslutnad om trusopplæringstiltaka, men vi ser at tiltak som er felles for heile Jølster oftare har lågare oppmøte prosentvis.

Trusopplæringsutvalet, dei to kyrkjelydspedagone, soknerådsmedlemmer, prest, kantor, ungdommar frå russegruppe, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet.

Ein stor takk til alle som har bidrege, og spesielt til medlemmene i trusopplæringutvalet som har gjort ein stor innsats med å gjennomføre ulike tiltak.

Utval

Trusopplæringsutval :

Ingeborg Bråttvik Slåtten, Gry Ingjerd Øksendal, Rune Molvik, Gerd Førde Sunde og Silje Sørebo
Kirkens Nødhjelp, kontaktperson: Alice Nesje

Konsert i Førdehuset med Lisa Børud med band



Informasjonsarbeid

«Det skjer» i Firda. Her legg vi inn gudstenester og annan aktivitet i Kyrkjene i Jølster. Eit lite utdrag kjem i papiravisa. Bruk Firda si nettside,»Det skjer» dersom du har den,» der står det alt vi skriv inn.

Vi må også bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene, aktivt.

Hyrdingrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, ilag med plakatar, nettside og facebookside. Ein annan link de kan bruke er: <https://skjerikirken.no/>

Sekretær Toril /eller webansvarleg for Sunnfjordkyrkja Joy Taylor sørger for at nettsida kyrkja.no/jolster og kyrkja.no/sunnfjord er oppdatert.

Sekretær Toril og kyrkjelydspedagog Silje oppdaterer Facebookside (kyrkjene i jolster).

Sekretær lagar og heng opp plakatar på oppslagstavler.

Men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook og andre aktuelle informasjonskanalar.

Hyrdingrøysta

Redaksjon: Hildegunn Huus og Ingrid Søyland.

Soknerådet vil takke for godt utført arbeid. De gjer ein kjempejobb med å tenkja ut stoff, få villige personar til både å skrive og delta med ulike innslag.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdingrøysta.

Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar frivillig kontingent. Det har vore til god hjelp at mange har vore villige til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikre økonomien til bladet.

Hyrdingsrøysta er viktig for å gjere kjent det ein gjer i og for kyrkja.

Vassenden kyrkjesenter

Samarbeidet med Vassenden kyrkjesenter har fungert godt. Huset er svært praktisk både for barn, ungdom og vaksne til dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden. Og er såleis ein viktig møteplass. Foreininga Vassenden kyrkjesenter si oppgåve er å eige og drive kyrkjesenteret. Kyrkjesenteret skal fungere som arbeidskyrkje for heile Ålhus sokn, dekke gravferder for dei som soknar til Vassenden gravplass og lokalt dekke kyrkje- og misjonsarbeid for Vassenden-området.

Kyrkjesenteret skal og vere ein god kontorarbeidsplass for kyrkjeleg tilsette i Jølster.

Foreininga Vassenden kyrkjesenter er open for alle som deltek i dugnadarbeid for å drive Vassenden kyrkjesenter.

Medlemskap i foreininga er berre ope for medlemmer i Den norske kyrkja i Ålhus sokn og medlemmer i Vassenden Normisjon.

Statistikk 2025

Ålhus sokn	2025	2024	2023
Innmelde i kyrkja	0	0	1
Utmelde av kyrkja	4	5	2
Døypte	19	17	15
Døypte heimehøyrande i soknet	18	15	13
Vigde	3	5	7
Gravlagde	13	13	15
Konfirmerte	22	22	17
Tal gudstenester søn- og helgedagar	24	29	36
Tal gudstenester utanom søn-og helgedagar *	48	42	42
Deltakarar på gudstenester, søn-og helgedagar	2174	2441	2215
Deltakarar på gudstenester, utanom søn-og helgedagar *	665	648	648
Gudstenester med nattverd	19	14	22
Nattverdsgjester	523	446	576
Familiegudstenester	6	8	8
Deltakarar	572	637	731
Julevandring for barnehagane		1	1
Deltakarar		50	50
Skulegudsteneste	1	1	1
Deltakarar	250	240	354
Musikk gudstenester		1	2
Deltakarar		85	97
Offer / kollekt i kyrkja	70697	78955	76418

*Vi har tidebøner i kyrkja stort sett kvar veke, derfor vert antall gudstenester utanom søn-og helgedagar høgt



Rekneskap 2025

Sjå «Rekneskap og notar Ålhus sokn 2025».

I tillegg til det som berre gjeld Ålhus sokn, omfattar rekneskapen det som er felles for begge sokna i Jølster: konfirmantarbeidet, trusopplæringsarbeidet og Hyrdingrøysta. Rekneskapen for 2025 er avslutta med eit samla overskot/mindreforbruk på 64.696.

Inntektene finn de på linje 1-10 med ein sum på 325.142, dette er noko meir enn i budsjettet. Avvika på linje 1, 3 og 8 har i hovudsak samanheng med at nokre inntekter ligg på andre postar i rekneskapen enn i budsjettet.

Utgiftene finn de på linje 11-16 og her er summen 264.317. Dette er noko mindre enn i budsjettet; avviket er først og fremst knytt til konfirmantarbeidet.

For 2025 har vi då eit brutto driftsresultat på 60.826, altså eit overskot. Dette overskotet aukar med 12.467 når renteinntektene blir lagt til (linje 18). Slik får vi eit netto driftsresultat (overskot) på 73.293 (linje 26).

Mellom linje 26 og 36 ligg bruk og avsetnad til balansen (fond). I linje 27 vert overskotet frå 2024 inntektsført. Linje 29 gjeld inntektsføring frå fond for barn og ungdom. Avsetnaden til disposisjonsfond (linje 32) omfattar vedteken disponering av overskotet frå 2024 og vedteken avsetnad i budsjettet for 2025. Avsetnaden til bundne fond (linje 33) er overskot knytt til Hyrdingrøysta. Med det blir det samla overskotet for 2025 til slutt på 64.696 (linje 36).

Soknet har desse fonda:

	IB	Bevegelse	UB
ALLE	-435 347,87	-62 725,70	-498 073,57
551080700 Bundne driftsfond	-93 650,87	-1 595,70	-95 246,57
7032 Fond barn og ungdom	-43 559,48	7 580,56	-35 978,92
7040 Fond Hyrdingrøysta	-50 091,39	-9 176,26	-59 267,65
556080700 Disposisjonsfond	-341 697,00	-61 130,00	-402 827,00
7500 Disp. fond Ålhus sokn	-281 670,78	-61 130,00	-342 800,78
7501 Disp. fond aktivitetsfond	-18 292,00	0,00	-18 292,00
7502 Disp. fond konfirmantfond	-41 734,22	0,00	-41 734,22

IB er det ein hadde på starten av året og UB er summen ved utgangen av året.

I tillegg til dette er det eit fond for barn/ungdom/diakoni i Jølster i fellesrådet sin rekneskap. Dette er felles for dei to sokna og var på 242.383 ved årsskiftet.

Soknerådet har vedteke at overskotet/mindreforbruket på 64.696 vert disponert slik:

- 57.075 vert sett av til disp.fond konfirmantfond (7502) – dette gjeld den delen av overskotet som er knytt til konfirmantarbeidet
- 7.621 vert sett av til disp.fond Ålhus sokn (7500)

Regneskap og notar Ålhus sokn 2025

Regneskapsskjema – driftsregneskapen:

Regneskapsskjema - Driftsregnskapet	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	179 141	116 500	116 500	111 892
2 Salg av driftsmidler	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	40 586	16 000	16 000	20 407
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-	-	-	-
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-	-	-	-
8 Tilskudd fra soknets organer	5 000	69 000	69 000	76 474
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	100 416	102 000	102 000	124 163
10 Sum driftsinntekter	325 142	303 500	303 500	332 936
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	-	-	-	-
12 Kjøp av varer og tjenester	190 956	242 500	242 500	250 597
13 Refusjoner/overføringer	21 831	-	-	-
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	-	-	-	-
15 Tilskudd og gaver	51 530	64 000	64 000	67 306
16 Sum driftsutgifter:	264 317	306 500	306 500	317 902
17 Brutto driftsresultat:	60 826	3 000	3 000	15 033
18 Renteinntekter og utbytte	12 467	10 000	10 000	10 404
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	-	-	-	-
21 Avdrag på lån	-	-	-	-
22 Uttån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	-	-	-
23 Netto finansinntekter/-utgifter	12 467	10 000	10 000	10 404
24 Avskrivninger	-	-	-	-
25 Motpost avskrivninger	-	-	-	-
26 Netto driftsresultat	73 293	7 000	7 000	25 437
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	54 130	54 130	-	17 380
28 Bruk av ubundne fond	-	-	-	-
29 Bruk av bundne fond	7 581	-	-	34 149
30 Sum bruk av avsetninger	61 710	54 130	-	51 529
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til ubundne fond	61 130	61 130	7 000	18 780
33 Avsatt til bundne fond	9 176	-	-	4 057
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
35 Sum avsetninger	70 306	61 130	7 000	22 837
36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK	64 696	-	-	54 130

Rekneskapsskjema – balanserekneskapen:

BALANSE	Regnskap 2025	Regnskap 2024
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	-	-
Utstyr, maskiner og transportmidler	-	-
Utlån	-	-
Aksjer og andeler	-	-
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	94 774,00	97 577,62
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Kasse, bankinnskudd	505 343,46	413 060,67
C - SUM EIENDELER:	600 117,46	510 638,29
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	402 827,00	341 697,00
Bundne driftsfond	95 246,57	93 650,87
Ubundne investeringsfond	-	-
Bundne investeringsfond	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-	-
Regnskapsmessig mindreforbruk	64 696,38	54 129,58
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i investeringsregnskapet	-	-
Udekket i investeringsregnskapet	-	-
Kapitalkonto	-	-
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	-	-
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	37 347,51	21 160,84
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	600 117,46	510 638,29
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-	-

Ålhus sokn - godkjenning av årsrekneskap 2025

Notar til rekneskapet Ålhus sokn 2025

Soknet sitt rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke fastsett av barne- og familiedepartementet 08.12.2020 og god kommunal rekneskapskikk.

1. Fond

Spesifikasjon over samla avsetningar og bruk av avsetningar i rekneskapsåret, samla og for den enkelte fondstype.

	Disoposisjons fond	driftsfond	Sum 2025
Saldo pr 01.01:	341 697	93 651	435 348
Avsetningar	61 130	9 176	70 306
Bruk av avsetningar	-	7 581	7 581
Saldo pr 31.12:	402 827	95 247	498 074

2. Strykningar

Føretekne strykningar av vedtekne avsetningar/bruk av fond, overføring drift/investering samt inndekning meirforbruk , jf. § 17

Det er ikkje strykningar i 2025, rekneskapen er avslutta med ein mindreforbruk på 64 696,- kroner.

3. Kapitalkonto

Samanfattande oversikt over transaksjonar som er ført mot kapitalkontoen i løpet av rekneskapsåret.

Det er ikkje ført noko på kapitalkonto.

Førde, 21.02.2026


Rekneskapsansvarleg

Elin Cecilie Helland



Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

**Tilsette:**

Fung.sokneprest Geir Sørebo (vikar)

Tilsette: Sunnfjord kyrkjelege Felle råd

Sissel Vartdal

Kyrkjeverje

Ingvar Vagstad

Driftleiar for Bygg og Drift

Ålhus og Helgheim sokn:

Rune Molvik

Kantor

Helge Årdal

Driftsjef /kyrkjetenar 90%

Gerd Sunde Førde

Trusopplærer i 20%

Silje Sørebo

Kyrkjelydspedagog 20% +

Aman Beyene

Kyrkjetenar Ålhus sokn, og reinhaldar i kyrkjene

Karen Elise Erikstad

Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn

Solrunn Dvergsdal

Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn

Magne Kvinge

Kyrkjetenarvikar i Ålhus sokn, og ved vigsel og konsertar i Helgheim kyrkje)

Toril Øye

Sekretær i Jølster 40%

Sluttord

Eit viktig arbeid som både soknerådet og prosten arbeider med, er å få ny prest til Jølster. Det er Bjørgvin Bispedøme og prosten som har største ansvaret, men vi kan alle hjelpe til med å reklamere for Jølster, kyrkjelyden, dei gode dugnakreftene, den flotte naturen vår og så vidare. Vi ynskjer ein ny prest hjarteleg velkommen! Det blei lyst ut soknepreststilling i 2024 utan aktuelle søkarar. Stillinga er lyst ut på nytt våren 2025.

Vi ynskjer å takke alle som bidreg for at kyrkja er ein god stad å vere. Ei stor takk til alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned frivillig arbeid.

Kyrkja er eit opent og allsidig rom. Jesus sa; «la borna komme til meg». Det gjeld både deg, meg og nesten din. Kom til gudsteneste, kyrkjekaffi, arrangement, songkveld, kveldsmat, treff til jul og påske, konfirmantar, små babyar, til tidebøn. Kom til kyrkja i glede! Kyrkja er også der for sorg og trøyst.

Kyrkja er der for deg og vi ynskjer at alle skal kjenne at det er godt å komme til Guds hus.

Vi set pris på frammøte i kyrkja og ynskjer deg hjarteleg velkommen!
Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Ålhus sokn.

For Ålhus sokneråd –
Annette Svidal Slåtten og Solveig Lesto